

Meland kommune  
 Havnevegen 41  
 5918 FREKHAUG

Dato: 25.08.2017  
 Vår ref.: 2017/3226-9  
 Saksbehandlar: aseloh  
 Dykkar ref.:

## Revidert godkjenningsbrev. Erstatter skriv 2017/3226-6 av 23.8.17

Vi viser til søknad via Opplæringskontoret for Nordhordland, datert 17.8.17, om å bli godkjent lærebedrift i kontor- og administrasjonsfaget. I søknaden var det oppgitt at de søker godkjenning på org.nr. 974 781 565. Dette organisasjonsnummeret er sletta i Brønnøysundregisteret. Vi har no avtalt med Opplæringskontoret for Nordhordland at godkjenninga skal registrerast på org. nr. 951 549 770, og at dei tek dette opp med dykk.

Vi har registrert følgjande opplysningar om bedrifta:

<b>Fagleg leiar:</b>	<b>Anette Tangen Fredriksen</b>
<b>Ansvarleg leiar:</b>	<b>Kari Anne Iversen</b>
<b>Arbeidstakarane sin tilsynsrepresentant: ...</b>	
<b>Bedrifta sin systemansvarlege for VigoBedrift:</b>	<b>Kari Anne Iversen</b>
<b>Medlem opplæringskontor:</b>	<b>Opplæringskontoret for Nordhordland</b>

På bakgrunn av dei opplysningane som er sendt inn av bedrifta og elles ligg føre i saka, vert

**Meland kommune, org.nr. 951 549 770, godkjent som lærebedrift i  
kontor- og administrasjonsfaget.**

Vilkåra for å bli godkjent som lærebedrift er følgjande:

1. Lærebedrifta må ha slik aktivitet og slikt utstyr at ho kan gi opplæring etter læreplanen i faget.
2. Lærebedrifta må ha ein fagleg kvalifisert person (fagleg leiar) med ansvar for opplæringa. Fagleg leiar har også ansvar for at lærebedrifta følgjer opplæringslova med forskrifter.
3. Lærebedrifta pliktar å gi lærlingen opplæring etter gjeldande læreplan i faget. Til dette må lærebedrifta utvikle ein intern plan for opplæringa i bedrifta. Internplanen skal utdelast til lærlingen når læreforholdet startar.
4. Ved teikning av lærekontrakt skal skriftleg arbeidsavtale ligge føre snarast mogleg, og seinast ein månad etter at arbeidsforholdet tar til (jf. Arbeidsmiljølova §14-5).
5. Dersom fagleg leiar i bedrifta ikkje står for opplæringa sjølv skal lærebedrifta ha ein eller fleire instruktørar som tar seg av opplæringa av lærlingane og lære kandidatane.

6. Lærebedrifta skal på førespurnad årleg rapportere til fylkeskommunen om opplæringa av lærlingar og læreandidatar.

Det er også eit krav til lærebedrifta at fagleg leiar gjennomfører Hordaland fylkeskommune sitt kurs for faglege leiarar og instruktørar innan eitt år frå dags dato. Krava i punkt 1-6 kan bli rutinemessig kontrollerte i samband med enkeltsaker eller ved eventuelle besøk i bedrifta.

**Vi gjer merksam på at dersom det skjer endringar ved lærebedrifta som kan ha innverknad på læreforholdet, for eksempel at fagleg leiar sluttar, skal fagopplæringskontoret ha skriftleg melding om dette straks.**

Lærebedrifta må søkje om ny godkjenning frå Hordaland fylkeskommune dersom det går meir enn to år før lærekontrakt blir teikna eller det er gått meir enn to år frå siste avslutta lærekontrakt.

Opplysningar om kurs for faglege leiarar og instruktørar finn de på <http://www.hordaland.no/larebedrifter>

VigoBedrift:

Ta kontakt med opplæringskontoret ditt. Dei gir tilgang til sine medlemsbedrifter.

Godkjende lærebedrifter får tilsendt «Godkjent lærebedrift-plakaten» frå fagopplæringskontoret. Plakatane blir sendt ut to gonger per år, i juni og desember. Lærebedrifta vil også bli tatt med i oversiktene på [www.vilbli.no](http://www.vilbli.no).

Vi ønskjer velkommen som lærebedrift i kontor- og administrasjonsfaget, og ser fram til samarbeidet.

Anne Sara Svendsen  
leiar

Åse Brith Berg Lohne  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi: Opplæringskontoret for Nordhordland